



MS SAGAFJORD, ex. MS HALSNØY har heimehamn i Roskilde og går crusieturar på fjorden.

Ørnulf Myklebust bur i Danmark. På torsdag i denne veka var han saman med familien på tur til Roskilde og fekk vera med på tur med MS SAGAFJORD, båten som vi kjenner som MS HALSNØY i Kvinnheradruta i mange år. Johannes Sunde var kaptein, Jan Henrik Hansen var maskinist, Olav Hauge var stuert, alle tre frå Uskedalen. MS HALSNØY, bygd i 1957, gjekk i HSD sine ruter fram til 1981.

Ørnulf Myklebust er meir enn vanleg interessert i farty og båtmotorar. Han minnest godt ei reise med MS HALSNØY i 1976 då han fekk vera med ned i maskinrommet. Det same skjedde no i veka i Roskilde. Båten er ombygd, men går med dei same to Deutz, 6 sylindra motorane. Deutzen frå 1957 går med 200 omdreiningar i minuttet. Det einste nye er at det er montert trustarar.



Salongen har fått ny restaurantinnredning, elles kjenner mange seg att med døra bak og trappa opp til øvre salong. Midtskips er det laga bar.

På brua fekk Ørnulf møta både kaptein og styrmann. Kapteinen fortalde at den gamle radiografen, som vart brukt så lenge skipet gjekk i rutefart, er bygd om til hydrolikk og trykkstyring. Det er pensjonerte sjøfolk som driv skipet i dag. I sommarsesongen går tidlegare HALSNØY dagsturar på fjorden med innlagd lunsj og middag. Båten vert ofte booka til ulike grupper som til brudlauspfeiring og andre selskapsturar.



[Ørnulf Myklebust fekk koma på brua og møta både kaptein og styrmann.](#)

Ørnulf Myklebust kjenner seg godt att om bord. Salongen på hovuddekket er om lag som før, men med restaurantinnredning. Trappa opp til øvre salong er som før. Det er laga bar og akterdekket er delvis kledd inn. Elles har MS HALSNØY fått eit eldre preg ved ombygging noko bileta syner. Skorsteinen er som om det var på eit eldre veteranskip.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Ørnulf Myklebust



Ørnulf Myklebust kjem frå Neset i Uskedalen, bur og har jobben sin i Danmark. Ferietida i Uskedalen går med til å jobba båt og snekkemotor (Arkivfoto).